

HANDLINGSPLAN

MOT VALD I NÆRE RELASJONAR

VIK KOMMUNE 2011-2015



Vedteken av Vik kommunestyre i møte 28.02.11 som sak 011/11

Vik i Sogn, 03.03.2011

Oddbjørn Ese, prosjektansvarleg

Gunn Randi Bjørnevoll, Barnevernleiar og prosjektleiar

Helge Johan Bjordal, kommuneoverlege

Inger Lise Fjærestad, helsesøster

Erna Ovrud, ruskonsulent/Nav

DEL I

INNHALD

1. INNLEIING

1.1 Forord og bakgrunn for handlingsplanen....s.2

1.2. Definisjonar... s. 3

1.2. Føremål... s. 3

2. VALD I NÆRE RELASJONAR – EIT SAMFUNNSPROBLEM

2.1. Tredelt krenking... s. 3

2.2. Kvinner og barn mest utsett... s. 3

2.3. Ulike former for vald... s. 4

2.4. Status ... s. 5

2.5 Målgrupper i Viks. 6

2.6 Vik Fengsels.6

3. LOVVERK OG SENTRALE HANDLINGSPLANAR

3.1. Teieplikt... s. 6

3.2. Opplysningsplikt til barnevernet ... s. 6

3.3. Avvergeplikt og forbod mot kjønnslemlesting... s. 6

3.4. Forbod mot tvangsekteskap ... s. 7

3.5. Nasjonal handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2008 – 2011... s. 7

3.6. Andre aktuelle nasjonale handlingsplanar, lover og forskrifter... s. 7

4. INVOLVERTE AKTØRAR

4.1. Privatpersonar og frivillige organisasjonar... s. 8

4.2. Hjelpeapparatet ... s. 8

4.3. Krisesenter og valdtekstmottak.....s. 8

5. HANDLINGSPLAN VIK KOMMUNE 2011 – 2015

5.1 Mål for tiltaka.....s. 9

5.2 Evaluering og rullering av planen..... s. 9

5.3 Tiltak..... s. 9 - 11

LITTERATURLISTE s. 12

DEL 2

Hjelpetenester, samarbeidsfora og rutinar for melding og oppfølging ved vald i nære relasjonar.

1.INNLEIING

1.1 Forord og bakgrunn for handlingsplanen

Vald og overgrep i nære relasjonar har store helsemessige og samfunnsøkonomiske konsekvensar. Regjeringa har gjennom Soria Moria- erklæringa forplikta seg til å styrkja innsatsen mot desse overgrepa. I 2008 kom ein nasjonal handlingsplan mot vald i nære relasjonar og det vart lagt sterke føringar for utarbeiding av kommunale handlingsplanar. Vinteren 2010 starta Fylkesmannen i Sogn og Fjordane opp ei kursrekke som skulle bidra til kompetanseheving og utarbeiding av kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar.

I mars 2010 oppnemnde rådmannen ei prosjektgruppe som fekk i mandat å utarbeide ein handlingsplan mot vald i nære relasjonar for Vik kommune. I prosjektgruppa sat barnevernleiar Gunn Randi Bjørnevoll, kommuneoverlege Helge Bjordal, ruskonsulent/Nav Erna Ovrud og helsesøster Inger Lise Fjærestad. Rådmannen, Oddbjørn Ese, har vore prosjektansvarleg og Gunn Randi Bjørnevoll har vore prosjektleiar. Vi har laga ein 2 -delt plan. Del 1 er den overordna planen med tiltak og ansvar for oppfølging. Del 2 er eit arbeidsredskap for tenesteapparatet med oversikt over aktuelle hjelpeinstansar, samarbeidsfora og henvisningsrutinar.

Vald i nære relasjonar er ikkje eit privat problem, men eit offentleg ansvar. Vi må alle bekjempe valden – lukke til med dette viktige arbeidet !

1.2 Definisjon

Vald er ei handling som er retta mot ein annan person og som gjennom denne handlinga skadar, smerter, skremmer eller krenkjer denne personen til å gjera noko mot sin vilje eller slutta med å gjera noko den vil (Isdal, 2003).

Omgrepet "vald i nære relasjonar" er eit samansett fenomen og spenner frå ei hending til langvarig og omfattande mishandling der valden vert utøvd av noverande/tidlegare ektefelle, sambuar/kjæraste, born, søsken, foreldre, ste-relasjonar, anna slektskap, eller mellom nære venner.

1.3 Føremål

Vik kommune sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar har som føremål å :

####.##Førebyggje, avdekke og lindre helseskader som fylgje av vald i nære relasjonar.

... Styrka kunnskapen og handlingsberedskapen til hjelpeapparatet.

####.##Sikra godt samarbeid mellom kommunale, interkommunale og statlege hjelpeinstansar

basert på kunnskap og respekt for kvar enkelt sitt ansvar, oppgaver og kompetanse.

... Auka kunnskapen hjå innbyggjarane i kommunen.

2. VALD I NÆRE RELASJONAR – EIT SAMFUNNSPROBLEM

Bruk av vald er forbode ved lov og kan ikkje akseptrast. Dette gjeld også vald som føregår i det private rom.

2.1. Tredelt krenking

Vald i nære relasjonar råkar hardt og har alvorlege fylgjer for dei som opplever den. Denne type vald omfattar minst ei tredelt krenking. For det fyrste er både den fysiske og den psykiske valden som vert utøvd ofte rå og brutal. For det andre medfører den eit tillitsbrot, fordi den vert utøvd av eit menneske som ein i utgangspunktet har eit nært forhold til. Og for det tredje føregår det ofte på ein stad der ein skal føle seg trygg – i eigen heim.

2.2. Kvinner og barn mest utsett

Vald i nære relasjonar råkar barn, kvinner og menn i alle aldrar. Både kvinner og menn kan vera valdsutøvarar, men fleire kvinner og barn enn menn vert utsett for grov fysisk vald.

Nyare forskning visar no ei endring hjå yngre par der kjønna er meir likestilte i utøving av vald mot partner.

Å vera vitne til vald er å vera utsett for vald. Eit betydeleg tal barn opplever overgrep mot mor eller far. Dei ser, høyrer og opplever valden mot ein nær omsorgsperson. Dette får ofte alvorlege konsekvensar for deira psykiske helsa.

2.3. Ulike former for vald

... **Kontrollerande åtferd** – makt og kontroll over partner/familie.

Døme: Økonomisk kontroll, setje borna opp mot kvarandre, trugsmål om å kontakte t.d barnevern/politi, dominerande åtferd, setje partner i forlegenheit, isolasjon.

... **Fysisk vald** – alle formar for fysisk handling som skader eller kontrollerar eit anna menneske.

... **Psykisk vald** – bruk av ord, stemme, handling eller mangel på handling som kontrollerar, skremmer eller krenker.

... **Latent vald** – å ha opplevd vald gjer at ein veit det kan hende igjen, noko som styrer åtferda. Den latente valden kan utvikle seg til å verte den dominerande valdsforma i nære relasjonar. Risiko for ny vald kan styre den valdsutsette utan at det førekjem noko aktivt trugsmål.

... **Seksuell vald** – for å kontrollere og audmjuke den andre. Seksuell mishandling.

Inkluderer: uønska berøring, påtvungen seksuell aktivitet, smertefull seksuell aktivitet, valdtekt, sadistiske handlingar, påtvungen seksuell aktivitet medan andre ser på, opptak e.l.

... **Materiell vald** – går ut over døde gjenstandar. Øydelegge, knuse, kaste osv. Ofte ting andre er glad i/bryr seg om.

... **Æresrelatert vald** – vald for å vedlikehalde familien si ære; ofte i samband med uønskte handlingar frå jenter i familien, men og gutar. Er ofte knytt til kulturar som har eit sterkt æresomgrep, der ein person kan skade heile familien si ære. To typar æresrelatert vald er:

- **Kjønnslemlesting** – alle typar inngrep der ytre kvinnelege kjønnsorgan vert påført varige endringar eller skader, og der inngrepet ikkje har medisinsk årsak.
- **Tvangsekteskap** – å bli tvungen til å gifte seg mot sin vilje. Ekteskapet kan annullerast og kjennast ugyldig.

2.4. Status

Vald i nære relasjonar er eit alvorleg samfunnsproblem som skjer i alle samfunnslag, men problemet er meir utbredt i familiar med dårlege levekår generelt. Ulike nasjonale undersøkingar kan sei litt om omfanget av denne type vald:

- ... **9 % av kvinner over 15 år har vært utsett for grov vald av kjærast / tidlegare kjærast ein eller annan gang i løpet av livet** (Haaland, Clausen og Schei, 2005).
- ... **Hjå ungdommar i vidaregåande skule har 7 % opplevd partnervald mot mor** og 2 prosent har opplevd partnervald mot far i løpet av oppveksten (Mossige, red., 2007).
- ... **Mellom 3 og 5 % av personar over 60 år er utsett for overgrep** og oftast er overgripar ein offeret kjenner (Storberget m.fl, red., 2007).
- ... **15 % av jentene og 7 % av gutane som går ut av vidaregåande skule har vore utsett for alvorlege seksuelle krenkingar. 9% av jentene rapporterte om erfaringar med valdtekt eller valdtektsforsøk** Overgripar var i 50 % av tilfella ein kjærast, venn eller bekjendt (Mossige,red.2007).
- ... **#Kvart år overnattar 1 500 barn på krisesentre rundt om i landet** (Storberget m.fl. red. 2007).
- ... **Mellom 20 og 30 % av alle drap dei siste ti åra er utført av noverande eller tidlegare kjærast, ektefelle eller sambuar** (KRIPOS 2006).
- ... **Rus og vald** - Ei rekkje studiar visar at **risikoen for å utøva vald og for å verta utsett for vald aukar markant ved høgt og/eller hyppig alkoholinntak**. Ein studie visar at vald mellom ektefeller/partnarar og vald mot barna aukar dersom forelder/a har eit alkoholmisbruk, eller er hyppig rusa (Rossow, Sirus, 2010).
- ... **Det bur anslagsvis 10 000 omskorne kvinner i Noreg. Dei fleste (90 %) vart omskorne i alderen 5 – 14 år** (www.legeforeningen.no).

Status i Vik kommune

Når vi kartlegg situasjonen i Vik finn vi svært få saker med vald i nære relasjonar. Politiet, kommunale og statlege tenester har få eller ingen slike saker. Det er og lite kjennskap til og kunnskap om dette temaet. Ser vi på tal frå dei nasjonale undersøkingane tyder dette at vi har mørketal på dette området.

Tal frå nasjonale undersøkingar omrekna til Vik kommune:

- ... **101 kvinner** frå 16 år og oppover vert **utsett for grov vald** frå partner eller eks-partnar i løpet av livet.
- ... **12 jenter og 5 gutar** på vidaregåande skule (16-19 år) er **utsett for alvorlege seksuelle krenkingar**.
- ... **11 ungdomar** i vidaregåande skule (16-19 år) har opplevd **parntarvald mot mor**, og **3 ungdomar** har opplevd **partnervald mot far**.
- ... Ca **20 personar over 60 år** vert **utsett for vald/overgrep** frå nære relasjonar.

2.5. Målgrupper i Vik

Målgrupper i Vik er primært **barn, ungdom og kvinner**, sidan dei er mest utsett for grov vald. Andre målgrupper i Vik: funksjonshemma, eldre og flyktningar.

2.6. Vik Fengsel

Vik Fengsel er underlagt Kriminalomsorga i region vest og har 39 soningsplassar. Av desse innsette er det mange som har erfaring med vald – også i nære relasjonar. Dei innsette har eigne helsetenester og skule/arbeidstilbod ved fengselet. Etter fullført soning vert dei tilbakeført til sine heimkommunar.

3. LOVVERK OG SENTRALE HANDLINGSPLANER

3.1. Teieplikt

Alle tilsette i kommunale, statlege og private hjelpeinstansar har teieplikt. Teieplikta er heimla i fleire lover mellom anna forvaltningslova (§13).

3.2. Opplysningsplikt til barnevernet

Alle tilsette i kommunale, statlege og private hjelpeinstansar har også opplysningsplikt – utan hinder av teieplikta - til barnevernet når det er grunn til å tru at eit barn under 18 år blir mishandla i heimen, ved alvorleg omsorgsvikt og/eller alvorlege atferdsvanskar hjå barnet. Denne opplysningsplikta er heimla i fleire lover, m.a forvaltningslova, barnevernlova, opplæringslova, barnehagelova, sosialtenestelova og helsepersonellova.

3.3. Avverjeplikt og forbod mot kjønnslemlesting

All form for kvinneleg kjønnslemlesting er forbode ved lov i Noreg (Lov om forbod mot Kjønnslemlesting, 1995). Personar som har vore involvert i utføringa, eller planlegginga av slike inngrep, straffast med fengselsstraff inntil åtte år. Frå 2004 vart lova utvida til å omfatta plikt til å avverje kjønnslemlesting ved anmelding, eller på annan måte, for tilsette i barnehagar, barnevernet, helse- og sosialtenesta, skular, skulefritidsordningar og trussamfunn. Denne plikta gjer unntak for lovpålagt teieplikt og ein yrkesutøvar og tilsett som ikkje oppfyller sin avverjeplikt kan straffast med fengsel i inntil eit år.

3.4. Forbod mot tvangsekteskap

Retten til sjølv å kunne velje sin ektefelle er i Noreg nedfelt i ekteskapslova. Å utsetja nokon for, eller medvirka til tvangsekteskap har ei strafferamme på inntil seks års fengsel. For å hindre at barn vert utsett for tvangsekteskap på ferietur kom det i 2009 ei endring i denne lova, som m.a. inneber at ekteskap inngått i utlandet ikkje er gyldig i Noreg dersom ein av partane er under 18 år då ekteskapet vart inngått.

3.5. Nasjonal handlingsplan mot vald i nære relasjonar 2008 – 2011

I regjeringa sin handlingsplan mot vald i nære relasjonar vert det skissert 50 ulike tiltak på nasjonalt nivå gruppert i 7 ulike områder:

A. Bistand og vern til valdsopfre

B. Styrka behandlingstilbodet til valdsutøvar

C. Tilrettelagde samtalar mellom valdsutøvar og valdsopfer

D. Styrka hjelpeapparatet sin kunnskap og samarbeidskompetanse

E. Forsking og utviklingsarbeid

F. Synleggjering av valden

G. Førebygging gjennom haldningsendringar

Dette er tiltak som er planlagt gjennomført av sentrale myndigheiter i planperioden, nokon er allereie gjennomført. Dei tiltaka som er relevante i Vik og vår handlingsplan er teke med i kapittel 6.

3.6. Andre aktuelle nasjonale handlingsplanar, lover og forskrifter

... Nasjonal handlingsplan mot kjønnslemlesting 2008 – 2011

... Handlingsplan mot tvangsekteskap 2008 – 2011

... Lov om kommunale krisesentertilbod 2010

... Forskrift om krav til akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus 2005

... Barnelova revidert i 2010

Barneloven § 30 tredje ledd er no endra og lyder slik :

”Barnet må ikkje bli utsett for vald eller på anna vis bli handsama slik at den fysiske eller psykiske helsa blir utsett for skade eller fare. Dette gjeld òg når valden brukast som ledd i oppsedinga av barnet. Bruk av vald og skremmande eller plagsam framferd eller annan omsynslaus åtferd overfor barnet er forbode.”

4. INVOLVERTE AKTØRAR

4.1. Privatpersonar og frivillige organisasjonar

Å motverke vald og overgrep og bistå valdsoffer er eit ansvar vi alle har, både som medmenneske, venn, kollega eller nabo. Personar som har mistanke om, eller er vitne til vald i nære relasjonar bør melde dette til politiet, eller – dersom det er barn i familien - til barnevernet i kommunen. Ved slik melding skal ein oppgi navn, men meldar kan få anonymitet visavis dei berørte dersom saka ikkje endar i rettsapparatet.

Vik har mange frivillige lag og organisasjonar. Desse utfører godt haldningsskapande og førebyggjande arbeid og kan medverke til å setja temaet vald i nære relasjonar på dagsorden.

4.2. Hjelpeapparatet

Fleire ulike kommunale tenester kjem i kontakt med personar som har vore utsett for vald i nære relasjonar. Tenestene har kvar for seg eit sjølvstendig ansvar for å førebyggja, avverja, avdekke og bistå personer som er utsatt for vald. I dei fleste sakene føreset dette også samarbeid med andre hjelpeinstansar. For å kunne gi naudsynt hjelp og støtte må dette samarbeidet vera basert på kunnskap om og respekt for kvar enkelt sitt ansvar, oppgåver og kompetanse. For alle tilsette i desse tenestene gjeld fylgjande prinsipp:

..#Valdsofferet blir oppfordra til å anmelde forholdet.

• Dersom barn under 18 år er involvert skal det sendast melding til barnevernet.

4.3 Krisesentertilbod og valdtektsmottak

Ut frå krisesenterlova har kommunane plikt til å gi eit krisesentertilbod til valdsoffer; kvinner, barn og menn. Vik kommune har ein samarbeidsavtale med stiftinga **Krisesenteret i**

Sogn og Fjordane som ligg i Florø. Krisesenteret gir hjelp på øyeblikkeleg varsel og hovudfunksjonen er å gi tryggleik, støtte og rettleiing. Det er eit døgnoppe tilbod og brukarane kan ta direkte kontakt utan krav om tilvisning eller betaling for opphaldet.

Valdtekstmottaket i Sogn og Fjordane er lagt til gynekologisk avdeling ved Sentralsjukehuset i Førde. Lege og politi sender straks valdsofferet til valdtekstmottaket til undersøking, sikring av spor og vidare oppfølging. Barn og ungdom under 16 år skal straks henvisast til **Barnehuset i Bergen** (sjå vedlegg DEL 2)

5. HANDLINGSPLAN VIK KOMMUNE 2011- 2015

5.1 Mål for tiltaka

- Vald i nære relasjonar er synleggjort og sett fokus på.
- Vald i nære relasjonar vert førebygd gjennom bevisstgjeriing og haldningsendringar.
- Kunnskap om vald i nære relasjonar og handlingsberedskapen til hjelpeapparatet vert styrka.
- Gode samarbeidsrutinar er utarbeidd og fungerer.
- Faste rutinar for oppfølging av offer og overgripar vert nytta i alle saker.

5.2 Evaluering og rullering av handlingsplanen

For å halda fokus på temaet og sikra gode tenester bør dei involverte kommunale einingane ha ein årleg gjennomgang / evaluering av sine prosedyrer og samarbeidsrutinar (sjå tiltaksdel).

Tenestene rapporterer i årsmeldinga om rutinar/plan er følgd.

Handlingsplanen skal rullerast ein gong i kvar kommunestyreperiode, dvs. kvart 4 år. Valg til nytt kommunestyre er hausten 2011. Handlingsplanen skal rullerast første gang i 2015 og deretter kvart 4 år. Ansvar for rulleringa har rådmannen.

5.3 Tiltak

Tiltaka på side 10 og 11 er planlagt gjennomført i planperioden 2011-2015. Tiltaka skal fortløpande implementerast av berørte einingar og leggast inn i deira årsplanar i planperioden. Tiltaka er uprioriterte og nye tiltak vil bli tekne med i rulleringa av planen undervegs.

Tiltak	Hovedansvarleg eining	Andre involverte (ikkje uttømmande)	Tidsramme
1. Utarbeida ein informasjonsbrosjyre med oversikt over hjelpetilbod og kontakttelefonar for personar som er utsett for/vitne til vald i nære relasjonar.	Helse- og barneverntenesta	Politiet, Krisesenteret i Florø	Utarbeidast 2011
2. Informasjon om vald i nære relasjonar på kommunen si heimeside med kontakttelefonar mm.	Helse- og barneverntenesta	Tenestetorget i kommunen	Utarbeidast snarast
3. Utarbeida ein kompetanseplan og gjennomføra kompetanseheving om vald i nære relasjonar for aktuelt tenesteapparat i kommunen.	Rådmannen	RTVS Nav BUP/ISP Tannhelsetenesta Vik Fengsel Politi BUFETAT	2011 Rullerast kvar vår
4. Gjennomgang og oppgradering av samarbeidsrutinar mht vald i nære relasjonar mellom kommunale, interkommunale og statlege hjelpeinstansar	Rådmannen	Nav Krisesenter BUP ISP Politiet Valdtektsmottaket Tannhelsetenesta BUFETAT	Innan utgangen av 2011 og gjennomførast fortløpande

5. Utarbeide/gjennomgå dei ulike kommunale einingane sine rutinar for varsling om vald og overgrep i nære relasjonar	Rådmannen	Nav RVTS BUP / ISP BUFETAT Politiet Valdtektsmottaket Tannhelsetenesta	Innan utgangen av 2011 og Årleg gjennomgang
6. Gjennomføra opplæring om norsk lovverk og aktuelle tema for innvandrargrupper. Aktuelt verktøy: PMTO/ICDP	Nav	Helsesøster, Politiet Barnevernet RVTS	Gjennomførast årleg
7. Ta opp vald i nære relasjonar, og seksuelle overgrep som tema for barnehagebarn og skuleelevar. (film, samtalar ol.)	Leiar oppvekstetaten	Barnevernet, Skulehelsetenesta RVTS BUFETAT	Årleg
8. Tenesteapparatet utarbeidar/gjennomgår behandlings-/oppfylgjingsrutinar for offer og overgripar	Rådmannen	2.linjetenesta RVTS Nav Krisesenteret BUFETAT	2011- 2012 Årleg gjennomgang
9. Formidle tilbod om kurs i sinnemeistring i regi av ISP (Indre Sogn Psykiatrisenter)	Legetenesta Nav	ISP Politiet Psykiatritenesta	Frå 2012
10. Årleg samarbeidsmøte med frivillige lag og organisasjonar med tema vald i nære relasjonar og førebyggjande tiltak.	Rådmannen	Røde Kors, AA Kvinne og fam.laget Mental helse, NFU Helselaget, Lions Pensjonlaget m.fl.	2011 - 2012

LITTERATUR

Departementa (2008): *Handlingsplan mot kjønnslemlestelse 2008 -2011*

Departementa (2008): *Handlingsplan mot tvangsekteskap 2008-2011*

FOR 2005-03 18 nr 252: *Forskrift om krav til akuttmedisinske tjenester utenfor sykehus*

Haaland, Thomas, Sten-Erik Clausen og Berit Schei (red.) (2005): *Vold i parforhold – ulike perspektiver: resultater fra den første landsdekkende undersøkelsen i Norge*. NIBR-rapport 2005-3.

Isdal, Per (2000): *Meningen med volden*

Justis- og politidepartementet (2008): *Handlingplan mot vold i nære legasjoner 2008 – 2011*.

Justis- og politidepartementet (2008): *Veileder for utvikling av kommunale handlingsplaner
Vold i nære relasjoner*

KRIPOS drapsstatistikk 2006. Tilgjengelig på: <http://www.politi.no>

www.lovdatabasen.no – diverse lover

Mossige, Svein og Kari Stefansen (red. 2007): *Vold og overgrep mot barn og unge. En selvrangeringsstudie blant avgangselever i videregående skole*. NOVA rapport 20/07.

Rossow, Ingeborg (2010): *Rusmidler og vold, Sirius 2010*

Storberget, Knut, Beret Bråten, Ellen Rømming, Kristin Skjørten og Astrid Aas-Hansen (red.) (2007): *Bjørnen sover. Om vold i familien*. Oslo: Aschehoug.

www.legeforeningen.no: *Statistikk kjønnslemlesta kvinner i Norge*

FORKORTINGAR:

BUP = Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk

ISP = Indre Sogn Psykiatrisenter

BUFETAT = Barne-, ungdoms- og familie etaten

RVTS = Regionale ressursentre om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging

AA = Anonyme alkoholikere

NFU = Norsk forbund for utviklingshemmede

Del II

Hjelpeinstansar, samarbeidsfora og rutinar for melding/ oppfølging i høve vald i nære relasjonar

INNHALD

1.	1.1. Kvifor søkje hjelp?	s. 14
	1.2. Kvar kan ein få hjelp?	s. 14
	1.3. Korleis søkje hjelp?	s. 14
2.	Helpeinstansar	
	2.1. Alarmtelefonen	s. 14
	2.2. Helsestasjon/skulehelsetenesta	s. 14
	2.3. Helsestasjon for ungdom	s. 15
	2.4. Lege/legevakt	s. 15
	2.5. Barneverntenesta	s. 15
	2.6. Politi/lensmann	s. 16
	2.7. Nav	s. 17
	2.8. Psykiatritenesta	s. 17
	2.9. Krisesenteret	s. 17
	2.10. Familiekontoret	s. 18
	2.11. Barne- og ungdomspsykiatrisk BUP	s. 18
	2.12. Indre Sogn Psykiatrisenter ISP	s. 18
	2.13. Valdtekstmottaket, SSSF Førde	s. 18
	2.14. Barnehuset i Bergen	s. 18
3.	Samarbeidsfora i Vik kommune	s. 19
4.	Prosedyrer ved bekymring	s. 20
5.	Skjema for melding til barneverntenesta	s. 21

1. Å SØKJE HJELP

1.1.Kvifor søkje hjelp?

Å leve med vald er vanskeleg både for offer, vitne og utøver. Vald har mange uheldige konsekvenser. Barn som veks opp i familiar med vald, vert ofte samanlikna med born frå krigsområder. Dei som vert utsett for vald eller er vitne til vald pådreg seg store traumer som vil kunne prege dei resten av livet. Det er difor svært viktig å søkje hjelp dersom ein sjølv eller nokon ein kjenner opplever vald i ein eller annan form.

1.2.Kvar kan ein få hjelp?

Gjennom utarbeiding av handlingsplan mot vald i nære relasjonar og kompetanseheving i alle tenestene i kommunen, er målet at alle tenestene skal kunne førebyggje, avdekke og lindre helseskader som fylgje av vald i nære relasjonar. Alle tenestene skal vite om kvarandre sine tilbod og kunne hjelpe/følgje opp offer og utøver. Nedanfor er alle tenester oppført med kontaktinformasjon og kva dei kan hjelpe med. Informasjon kan og hentast på www.vik.kommune.no.

1.3 Korleis søkje hjelp?

Direkte kontakt med kvar enkelt teneste eller ved tilvising. Offentege tilsette er pliktig å hjelpe dei som ønskjer hjelp, anten ved sjølv å hjelpe eller henvise til nokon som kan hjelpe.

2. HJELPEINSTANSAR

2.1.Alarmtelefonen for barn og unge - tlf: 116 111

Alarmtelefonen er landsdekkande og gratis. Den er ope mellom kl 15.00 – 08.00 på kvardagar og heile døgnet elles – både helgar, helligdagar og helgedagar – heile året.

Telefonen er for barn og unge som er utsett for vald, overgrep og omsorgssvikt, men vener eller vaksne som er bekymra kan og ta kontakt. Når telefonar til Alarmtelefonen gir grunnlag for bekymring, vert desse vidareformidla til rett instans i kommunen for oppfølging. Akutte saker vert straks vidareformidla til lokal akuttberedskap t.d. politi og legevakt. Kommunalt barnevern vert kontakta neste kvardag for vidare oppfølging av saka.

2.2. Helsestasjon/skulehelsetenesta – tlf: 57 69 87 09 / 57 69 87 11

Helsestasjon/skulehelsetenesta held til på helsetunet og har kontortid kl 8-16/15. Alle tenester er gratis. Kvar måndag kl 8.30-12 er helsesøster på Flatbygdi skule; evt. andre tidspunkt ved avtale. Føremålet med tenesta er å førebyggje sjukdom og fremje god helse hjå barn og unge

0-20 år.. Tenesta omfattar forebyggjande arbeid, heimebesøk, helsekontrollar, vaksinasjon, helseopplysningar, PMTO foreldrerettleiing, råd og rettleiing, samtalar, oppfølging av barn med spesielle behov, samarbeid med andre instansar og henvisning til andre tenster.

2.3 Helsestasjon for ungdom HSU – tlf: 57 69 87 11

HSU er eit gratis tilbod til ungdom mellom 13-20 år. HSU held til på helsestasjonen og er ope kvar fredag kl 14-16; andre tidspunkt etter avtale. Ein treng ikkje bestille time eller ha tilvising. Helsesøster og lege arbeider ved HSU og gir tilbod om samtale, rådgjeving og hjelp i høve helse, trivsel, prevensjon og SOS.

2.4. Lege/legevakt – tlf: 57 69 87 00/113

Legekontoret held til på helsetunet og er ope kvar dag kl 8-16/15. Det skal bestillast time dersom det ikkje er ein akutt situasjon. Utanom kontortid vert det gitt øyeblikkeleg hjelp ved akutt sjukdom eller skade som ikkje kan vente til neste kvardag. Lege behandlar og gir førstehjelp i forhold til skadar, og kan snakke om kva som har skjedd. Skader vert notert i pasienten sin journal. Journalen kan vere viktig i ein eventuell rettssak seinare. Det er difor viktig å få vite korleis skaden oppstod så nøyaktig som mogleg. Utskrift frå journalen vert ikkje levert ut utan samtykke frå pasienten. Ved større skader med t.d. mistanke om brudd, vert pasienten vist vidare til sjukehus. *Valdtekt sjå punkt 2.13.*

Seksuelle overgrep

Ved seksuelle overgrep eller mistanke om seksuelle overgrep vil lege gjere undersøkingar og prøve å få ei oversikt over kva som har skjedd. *Barnehuset/andre instansar vert koplatt på i høve undersøkingar og avhøyr av barn og unge. Dersom born og unge under 18 år er utsett for seksuelle overgrep eller valdtekt, vert saka meld til barneverntenesta og politi.*

2.5.Barneverntenesta – tlf: 57 69 82 11 / 95 43 20 42

Barneverntenesta held til i 2.etasje på kommunehuset. Kontortid kvar dag mellom kl 8-15/16. Tenestene er gratis. Muligheit for anonym drøfting.

Når barn er utsett for eller vitne til vald, må barneverntenesta få melding om dette for å kunne hjelpe barna. Melding skal avklarast innan 1 veke. Undersøkingar som vert iverksatt skal gjennomførast innan 3 (6) månader.

Etter ei samla vurdering vert det bestemt om barnet og familien treng hjelp og kva type hjelp. Tiltak vert først og fremst sett i verk i heimen eller knytt til barnets nærmiljø i samarbeid med barn og foreldre. Dersom tiltak i heimen ikkje gir betra omsorgssituasjon for barnet, kan det

iverksettjast tiltak med plassering utanfor heimen. Slike tiltak kan iverksettjast frivillig med samtykke frå føresette eller med tvang, der Fylkesnemda for sosiale saker tar den endelege avgjersla. Det er viktig å sikre barnet mot vald og å skjermje barnet ved å hindre tilbakeflytting til ein valdeleg omsorgsperson!

Er situasjonen for barnet alvorleg, vil barneverntenesta vurdere behov for *akutt plassering* i beredskapsheim eller institusjon, eventuelt annan omsorgsbasis.

2.6. Politi/Lensmann – tlf: 57 69 80 80

Politi held til på Vikjatunet. Kontortid kl 9-15. Dersom kontoret er stengt, kan ein ringe og legge att beskjed på telefonsvarar, så tek dei kontakt første kvardag. Alle tenester er gratis for fornærma.

Politiets arbeid med saker vedrørande vald i nære relasjonar er ein del av politiets totale arbeid for å redusere valdskriminaliteten. Politiet skal prøve å gjennomføre ein rask og effektiv etterforskning. Politiet vurderer bruk av naudsynte tryggingstiltak og vil sørge for at ofra for vald og trugslar vert sett i kontakt med tenester, institusjonar og organisasjonar som kan tilby aktuell hjelp. Døme på tryggingstiltak er besøksforbod, valdsalarm, hemmeleg adresse, ny identitet, vitnebeskyttelse. Politiet vil vurdere påtalebegjæring, anmelding osv.

Anmelding

Valdshandlingar skal ikke akseptast, og bør som hovudregel anmeldast. Nære relasjonar og redsle for represalier kan gjere det vanskeleg å anmelde familievald. Familievaldsaker er ofte gjentakande; valdsepisodane vil skje igjen. Anmelding fører ofte til ein høgare terskel for valdsutøving og utløyser dermed ein førebyggjande effekt. Anmelding og påfølgande etterforskning har i seg sjølv ein preventiv effekt ovanfor valdsutøver. Neste sak kan gi ein straffereaksjon og tidlegare anmeldingar kan få betydning.

Den som er fornærma i ein sak, kan be om påtalebegjæring. Politiet kan og sjølv stå som anmeldar og starte etterforsking i saker som heimlar ubetinga offentleg påtale eller at allmenne omsyn krev påtale.

Bistandsadvokat

Fornærma har krav på offentlig oppnevnt bistandsadvokat ved brot på besøksforbod, ved rettsak om besøksforbod og i saker som omhandlar seksuelle overgrep. I saker som omhandlar kvinnemishandling har fornærma krav på fri rettshjelp utan behovsprøving under etterforskninga og i hovudforhandlinga. Det er Fylkesmannen som godkjenner dette etter søknad frå advokaten.

Familievaldskoordinator

Sogn og Fjordane har ein Familievaldskoordinator. Koordinatorens arbeidsoppgåver er m.a. å få til ein heilheitleg og samla behandling avfamilievaldsaker, og bidra med råd og rettleiing i saksområdet vald i nære relasjonar. Han skal etablere gode samarbeidsrutiner med andre tenester og institusjonar som t.d. krisesenter, legevakt, fastlegar, barnevern, rådgivningskontor for kriminalitetsofre, advokatar, familievernkontor og NAV.

2.7. NAV - tlf: 57 01 61 40

NAV held til i 1. etasje på kommunehuset. Tenestene er gratis. NAV gir tilbod om ulike tenester til alle som bur i kommunen. Brukarane skal få ein rask og heilheitleg behovsavrøying, og eit samordna tenestetilbod. I saker om vald i nære relasjonar samarbeider Nav med andre instansar t.d. fastlege, barnevern, politi og krisesenter.

2.8. Psykiatritenesta – tlf: 57 69 87 41

Psykiatritenesta har kontor i kjellaren på Vik Bygde- og sjukeheim. Dersom det ikkje er folk på kontoret, legg igjen beskjed på telefonsvararen, så tek dei kontakt første kvardag.

Brukar/instansar kan ta direkte kontakt; treng ikkje søke eller ha tilvising. Muligheit for anonym drøfting. Tenestene er gratis.

Psykiatritenesta lyttar, støttar og gir råd og rettleiing, samtalar på kontoret og/eller heime hjå brukar, individuelle samtalar eller i gruppe. Telefonkontakt. Vurdering av hjelpebehov.

Vidareformidling til andre tenester. Samarbeid med andre tenester som t.d. ruskonsulent, fastlege. Det vert og halde ulike temakurs.

2.9. Krisesenteret i Sogn og Fjordane – tlf: 57 74 36 00

Krisesenteret held til i Florø. Telefonen er døgnopen. Krisesenteret har døgn bemanning heile året. Treng ikkje tilvising; kan ta kontakt pr telefon eller mail. Alle tenestene er gratis for brukarane. Tolk ved anna etnisk bakgrunn og manglande språkkunnskaper i norsk.

Tilbodet omfattar omsorg og støtte, nokon å snakke med, ein stad å bu for å kome seg vekk frå valden, støtte i kontakt med offentlege kontor, hjelp til å skrive søknader, råd og rettleiing i høve rettar og mulegheiter, oppfølgingssamtalar, dagsamtalar og tilsyn ved samvær (tenesta er gratis dersom barna bur på krisesenteret, elles må ein betale for dette).

Du treng ikkje bu på senteret for å få hjelp og støtte. Målet er kortvarig opphald på senteret, difor får alle som bur på krisesenteret ein koordinator som skal jobbe saman med brukar i høve løysingar på lengre sikt.

2.10. Familiekontoret i Sogndal - tlf: 46 61 92 90

Familiekontoret held til i Parkveien 5 i Sogndal. Ein treng ikkje tilvising; kan ta direkte kontakt og avtale time. Tenestene er gratis.

Tilbodet omfattar par- og familierapi, samtalar med enkeltpersonar, mekling ved separasjon og samlivsbrot, hjelp til å betre foreldresamarbeidet og til å setje opp samværsavtale.

Henvendingar der vald/store konflikhtar er ein del av problematikken vert prioritert.

2.11. Barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk - BUP, Sogndal

BUP, Sogndal, held til på Rutlin. Det krevst tilvising frå fastlege, barnevernteneste eller PPT for å kome til Bup. Bup gir poliklinisk spesialisthelsetilbod innanfor psykisk helse til barn og unge opp til 18 år og deira familiar. Tilbodet omfattar kartlegging/utgreiing, behandling, samtalar åleine eller med foreldre, råd og rettleiing til familiar/ungdom og andre tenester, sinnemeistringskurset ART, foreldrerettleiing PMTO, foreldrekurset "De utrolige årene" m.m. Samarbeider med 1.linjetenestene i kommunen for å sikre best muleg tilbod til barn og unge.

2.12. Indre Sogn Psykiatrisenter ISP, Sogndal

ISP held til på Rutlin i Sogndal. Det krevst tilvising frå fastlege el.andre. Tilbodet omfattar vaksenpsykiatrisk poliklinikk, rusteam, ambulant team og to sengeposter. Samarbeid med 1.linjetenestene i kommunen for å sikre best muleg tilbod til brukarane.

2.13. Valdtekstmottaket, SSSF Førde

Kvinner frå 16 år som har vorte utsett for valdtekt vert sendt til valdtekstmottaket ved Kvinneklubben ved SSSF i Førde. Det er politi eller lege som henviser. Her har dei gode rutinar for undersøking av pasientar som har vore utsett for valdtekt. Mottaket tek ein del prøvar som kan verte brukte ved eventuell anmelding og rettssak.

For mange er det vanskeleg å reise heim etter ein valdsepisode. Fastlege har ansvar for vidare oppfølging av pasienten. Overgrepsmottaket kan kontakte krisesenteret om pasienten ønskjer det. Dersom pasienten har eit ønske om å melde saka eller treng hjelp til å henta borna sine, kan dei kontakte politiet eller barnevern.

Barn og unge under 16 år vert sendt til Barnehuset i Bergen

2.14. Barnehuset, Bergen

Sogn og Fjordane høyrer inn under Barnehuset i Bergen. Barnehuset er knytt til Hordaland politidistrikt og fungerer som eigen driftseining. Barn inntil 16 år og vaksne psykisk

utviklingshemma som har vore utsett for seksuelt misbruk, valdtekt eller overgrep kan henvisast til Barnehuset for undersøkingar og avhøyr. Barnehuset har spisskompetanse på seksuelle overgrep, vald og vitne til vald i nære relasjonar. Dei har ein intensjon om å vere eit kompetansehus for barn og ungdom som møter rettsapparatet. Barnehuset gjennomfører medisinske undersøkingar, dommaravhøyr, gir rådgjeving og konsultasjon, støtte og rettleiing til barn og foreldre, korttidsterapi, koordinering og samrådsmøter mellom involverte instanser t.d. politi, barnevern.

3. SAMARBEIDSFORA I VIK KOMMUNE

Det er mange private, statlege, interkommunale og kommunale hjelpeinstansar involvert i ei sak som gjeld vald i nære relasjonar, også i høve førebygging og informasjon. Ofte er behova for hjelp samansett og fleire instansar er involvert. Samarbeid og samordning er viktig for at brukarane skal få eit godt og heilskapleg tilbod. I Vik er følgjande samarbeidsfora etablert pr 2010:

- ... Politiråd – folkehelsekoordinator, ordførar, lensmann, leiar Vik fengsel, helsesøster, barnevernkonsulent, sosiallærer. 1 gong 2. kvar mnd.
- ... Sosialpedagogiskteam – barnevernleiar, helsesøster, sosiallærer, PPT og 1 repr. frå Vik barnehage. 1 gong pr mnd.
- ... Samarbeidsmøte med Bup – Bup, barneverntenesta, helsestasjon (helsesøster og lege), PPT. Møte 4 gonger pr år.
- ... Rettleiingsmøte med ISP – ISP, psykiatritenesta og legane. Andre vert kalla inn ved behov. Møte kvar 6. veke.
- ... Samarbeidsmøte Nav og psykiatritenesta. Kvar 6.veke.
- ... Samarbeidsmøte Nav og lege. 1 gong pr mnd.

- ... Barnevernteam – barnevernleiar, helsesøster og PPT. Besøk på skulane og barnehagane. 1 gong pr år. *Har ikkje fungert siste året, men bør starte oppatt då dette er eit viktig førebyggjande tiltak.*
- ... Det er ønskjeleg å få eit samarbeid mellom barnevernteam og politi t.d 2 gonger pr år.

4. PROSEDYRE VED BEKYMRING FOR BARN OG UNGE

5. SKJEMA FOR MELDING TIL BARNEVERNET

Bekymringsmelding til barneverntenesta

Meldinga gjeld:

Namn	
Fødselsnummer	
Adresse	
Telefon	
Bur saman med	

Opplysningar om føresette:

MOR

Namn					
Adresse					
Telefon					
Foreldreansvar	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	Dagleg omsorg	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>

FAR

Namn					
Adresse					
Telefon					
Foreldreansvar	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>	Dagleg omsorg	Ja <input type="checkbox"/>	Nei <input type="checkbox"/>

Opplysningar om søsken:

Namn:	Fødselsår:	Gut/jente:	Bur ilag med barnet:

Har du teke opp bekymringane dine med

Foresatte: Ja Nei

Barn over 15 år: Ja Nei

Andre: Ja Nei Viss ja, kven? _____

Er foresatte/barn over 15 år kjend med at melding er sendt? Ja Nei

Det er ei føresetnad at offentleg meldar har informert føresette om meldinga på førehand.

Opplysningar om hjelp som er prøvd:

Har barnet kontakt med hjelpeapparatet i dag? Kva er gjort for å hjelpe barnet? Kven?

--

**Kva konkrete bekymringar har du i høve dette barnet?
Kva er observert? Grad av bekymring? Kor lenge har du vore bekymra?**

Kontakt med familien: Kva veit du om omsorgssituasjonen til barnet? Kva veit du om familien, nettverket deira og evt. andre personar som er viktige for barnet?

Opplysningar om meldar:

Offentleg:

Privat:

Anonym (gjeld privat meldar):

Namn	
Adresse	
Telefon	
Kontaktperson v/off.meldar	

Stad: _____

Dato: _____

Meldar si underskrift

Eventuelle tilleggsopplysningar kan skrivast på eige ark.

